



**ØY
GARD
EN**

- eit fyrtårn i vest

Budsjett 2025

Gebyr og brukarbetalingar 2025

**Kommunedirektøren sitt
framlegg**

Vedteke xx.xx.24

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

1	GEBYRREGULATIV FOR VATN OG AVLØP I ØYGARDEN KOMMUNE	3
1.1	AREALBEREKNING	3
1.2	TILKNYTINGSGEBYR	3
1.3	ÅRSGEBYR	3
2	GEBYRREGULATIV FOR TØMMING OG KONTROLL AV PRIVATE SLAMAVSKILJARAR I ØYGARDEN KOMMUNE	5
2.1	ÅRSGEBYR TØMMING AV SLAMAVSKILJAR	5
2.2	ÅRSGEBYR KONTROLL:	5
3	GEBYRREGULATIV FOR INNSAMLING AV AVFALL FRÅ HUSHALD OG FRITIDSBUSTADER I ØYGARDEN KOMMUNE	6
3.1	RENOVASJONGSGEBYR	6
4	FEIE OG TILSYNSAVGIFT	7
5	GEBYR FOR REGULERINGSPLAN, BYGGJE- OG DELESÅKSHANDSAMING, OPPMÅLING OG EIGARSEKSJONERING	8
5.1	GENERELLE REGLAR	8
5.2	TENESTER MED GEBYR ETTER MEDGÅTT TID	10
5.3	PLANSÅK	11
5.4	BYGGJE- OG DELEFORBOD (PBL. KAP. 13)	12
5.5	BYGGJESÅK	12
5.6	KART- OG OPPMÅLINGSSÅK	17
5.7	GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONERING	22
6	MILJØ OG LANDBRUK	23
6.1	KONSESJONSHANDSAMING	23
6.2	JORDLOVSHANDSAMING	23
6.3	GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER FORUREININGSLOVA	23
6.4	SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ SEPARATE AVLAUPSANLEGG. (FORUREININGSFORSKRIFTA KAP. 12, 13 OG 14.)	23
6.5	GEBYR FOR TILSYN OG KONTROLL	24
	FOR PERIODISK TILSYN OG KONTROLL VARSLE OG VEDTEKEN I DELEGERT VEDTAK, SKAL DET BETALAST ETTER MEDGÅTT TID TIL TILSYN/KONTROLL OG OPPFØLGING I ETTERTID, JF. PKT. 5.2 TENESTER MED GEBYR ETTER MEDGÅTT TID.	24
7	UNDERVISNING	24
7.1	BARNEHAGAR	24
7.2	SKULEFRITIDSORDNING (SFO)	24
8	PLEIE OG OMSORG	25
8.1	EIGENBETALING FOR PRAKTISK BISTAND	25
8.2	EIGENBETALING INSTITUSJONSOPPHALD	25
8.3	FYSIOTERAPI	25
8.4	LEGE	25
8.5	ANDRE TENESTER	25
9	KULTUR	26
9.1	KULTURSKULE	26
9.2	BIBLIOTEK	26
10	SALS- OG SKJENKELØYVE	26
10.1	GEBYR FOR ETABLERINGSPRØVA – SERVERING	26
10.2	GEBYR FOR OMSETNING AV ALKOHOLHOLDIG DRIKK	26
11	ANDRE GEBYR	27
11.1	GRAVPLASS	27
11.2	OFFENTLEG BADING	27
11.3	UTLEIGESATSAR FOR KOMMUNALE BYGG OG ANLEGG	28

1 GEBYRREGULATIV FOR VATN OG AVLØP I ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den xx.xx.24 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd, jf. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, vedteken av kommunestyret den 19.12.19.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2025. Alle gebyrsatsar er inkl. mva

1.1 AREALBEREKNING

Bruksareal (BRA) blir berekna med grunnlag i NS 3940, med dei presiseringane som går fram av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

1.2 TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret blir fastsett slik:

Næringsbygg/bustad	Vatn		Avløp	
	2024	2025	2024	2025
Bustad/næringsbygg ≤ 75 m ²	4 500	4 815	4 500	4 181
Pr. m ² bruksareal (BRA) > 75 m ²	60	64	60	56

1.3 ÅRSGEBYR

Abonnementsgebyr

Satsane for abonnementsgebyr er like for næringsbygg, bustader, hytter og naust samt andre bygg. Abonnementsgebyret er todelt og består av ein fast del og ein arealbasert del:

Abonnementsgebyr	Vatn		Avløp	
	2024	2025	2024	2025
Fast abonnementsgebyr pr. bueining/brukseining	739,73	792	739,73	3 304
Variabelt abonnementsgebyr pr. m ² (BRA) 1	9,87	10,56	9,87	5,29

- 1) Dersom samla BRA på bygg på eigedommen er over 35 000 m² gis det 50 % reduksjon i einingsprisen for vatn og avløp på det overskytande areal.

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert fastsett ved målt forbruk eller stipulert forbruk:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris

- Bygg til næringsformål eller offentlege formål skal ha vassmålar.
- Bustader, naust og fritidsbustader som har fått godkjent rammeløyve etter 01.01.2020, skal ha vassmålar.

Gebyrtype	Vatn		Avløp	
	2024	2025	2024	2025
Einingspris kr/m ³	21,98	23,52	34,73	32,26

Ved stipulert forbruk = BRA x 1,2 x einingspris

- Forbruket blir berekna til 1,2 m³ per m² bruksareal (BRA).
- Øvre grense er sett til 180 m² (BRA) pr bueining/brukseining.

Døme:

Ein bustad på 120 m² vil etter stipulert forbruk måtte betale følgjande satsar:

	Vatn		Avløp	
	2024	2025	2024	2025
Fast abonnementsgebyr:	739,73	792,00	3 555,24	3 304,00
Variabelt abonnementsgebyr: 120 m ² x 9,87/5,69 kr/m ²	1 184,40	1 267,20	682,80	634,80
Stipulert forbruk: (120 m ² x 1,2) x 21,98/34,73 kr	3 165,12	3 386,88	5 001,12	4 645,44
Totalt	5 089,25	5 446,08	9 239,16	8 584,24

For slamavskiljarar som er knytte til det offentlege avlaupsnettet, er tømmekostnaden inkludert i det årlege avløpsgebyret som går fram av dette gebyrregulativet.

Frammøtegebyr for avlesing av vassmål

Dersom abonnentar unnlèt å lese av målaren i tråd med lokal forskrift, og kommunen må gjera avlesinga, må abonnenten betale eit gebyr på kr 1 500.

Gebyr for kontroll av vassmål

Dersom abonnenten eller kommunen meiner det er nødvendig å kontrollere vassmålaren, eller vassmålarinstallasjonen, må abonnenten betale eit kontrollgebyr på kr 1 500,- pr. gong pr. vassmål.

Gebyr for plombering, stenging, nyopning av vassforsyninga og mellombels tilknytning

Abonnenten må betale følgjande gebyr ved fråkopling frå det offentlege vassleidningsnettet eller for midlertidig tilknytning:

	2024	2025
Gebyr ved stenging	1 150	1 200
Gebyr ved opning	1 150	1 200
Gebyr for mellombels tilknytning	1 150	1 200

Gebyret skal dekke kostnadene kommunen/ØyVAR har ved stenging og nyopning av vassforsyning.

Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova

Vilkåra for gebyrreduksjon går fram av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune. Årsgebyret skal reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgnet.

Vasskiosk

Pris for kjøp av vatn frå vasskiosk 35,31 kr/ m³

2 GEBYRREGULATIV FOR TØMMING OG KONTROLL AV PRIVATE SLAMAVSKILJARAR I ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den xx.xx.24 med heimel i lov av 1. juli 2012: Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift av 1. juli 2004. nr 931 om avgrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 anna ledd; jfr. forskrift om tømming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.19 og forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.19.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2025. Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

2.1 ÅRSGEBYR TØMMING AV SLAMAVSKILJAR

Årsgebyr tømming		2024	2025
For bustad med slamavskiljar	Pr bueining pr år ¹	1 496,90	1 893,00
For fritidsbustader med slamavskiljar	Pr bueining pr år ²	931,92	1 179,00
For andre bygg med slamavskiljar	Pr. m ³ /tømming ³	862,03	946,50
For bustad med ferjetømming av slamavskiljar	Pr bueining pr år ¹	6 000	6 000
For fritidsbustad med ferjetømming av slamavskiljar	Pr bueining pr år ¹	3 000	3 000

¹ Bustad med eigen slamavskiljar blir tømt anna kvart år.

² Fritidsbustad og liknande blir tømt kvart 4. år

³ Andre bygg er til dømes næringsbygg, skular, forsamlingshus, institusjonar og liknande vert fakturert basert på avløpsanlegget sin belastning og storleik, målt i kubikkmeter. Tømmefrekvensen blir avtalt i samråd med ØyVAR.

Døme årsgebyr for slamavskiljar med volum 20 m³ med tømming

- Tre gonger årleg: 20 m³ x 3 x kr 1 090 = kr 65 400
- Anna kvart år: 20 m³ x 0,5 x kr 1 090 = kr 10 900

Dersom bustader eller fritidsbustader dekar slamavskiljar med andre bygg, må tømmefrekvensen avtalast i samråd med ØyVAR.

For slamavskiljar som er tilknytt offentleg avløpsnett, er kostnaden til tømming anna kvart år inkludert i det årlege avløpsgebyret.

PRIS FOR TILLEGGSARBEID VED TØMMING AV SLAMAVSKILJAR:

Tilleggsarbeid ved tømming av slamavskiljar blir fakturert direkte frå ØyVAR til abonnenten etter faktiske utgifter.

PRIS FOR EKSTRATØMMING

Ekstratømming ut over dei ordinære tømmefrekvensane blir fakturert direkte frå operatør til abonnenten.

2.2 ÅRSGEBYR KONTROLL:

Saksbehandling i samband med kommunens kontroll og tilsyn med avløpsanlegg/ myndighetsutøving er ikkje avgiftspliktig.

Årsgebyr kontroll	2024	2025
Pr eigedom knytt til privat avløpsanlegg	52,95	67,00

3 GEBYRREGULATIV FOR INNSAMLING AV AVFALL FRÅ HUSHALD OG FRITIDSBUSTADER I ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den xx.xx.24 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova), jf. forskrift for innsamling av avfall frå hushald og fritidsbustader i Øygarden kommune, vedteken av Øygarden kommunestyre den 18.02.2021.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2025. Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

3.1 RENOVASJONGEBYR

Årsgebyr:

Renovasjongsgebyr for hushald er lovpålagt og gebyret skal fullt ut dekke kostnadane for renovasjonstenesta. Følgjande satsar gjeld pr. bueining pr. år.

Abonnement	Type dunk/ tømmefrekvens	2024	2025
Hushald med sentralkompost	Rest/ Mat/ Papir	4 102	4 757
Hushald med heimekompost	Rest/ Papir	3 270	3 793
Storhushald med sentralkompost	Rest(240L)/Mat/Papir	5 142	5 965
Storhushald med heimekompost	Rest(240L)/Papir	4 310	5 000
Småhushald med sentralkompost	Rest/ Papir kvar 4. veke. Mat kvar 2. veke	3 479	4 036
Småhushald med heimekompost	Rest/ Papir kvar 4. veke	2 646	3 069
Hytterrenovasjon		2 750	3 190

Merknader til tømmefrekvens:

Hushald/Storhushald

Rest- og matavfall: kvar 2. veke.

Papir- og plastavfall: Kvar 4. veke

Småhushald

Matavfall: kvar 2. veke

Rest,- papir- og plastavfall: kvar 4. veke

Pilotprosjekt ny gebyrmodell – Sone 4 Rong

Eit pilotprosjekt for ny gebyrmodell på renovasjon vil bli gjennomført i eit avgrensa område. Sone 4 på Rong vil fungere som ei eiga gebyrsone med følgjande satsar:

Grunngebyr 2 900 kr/abonnement

Restavfall 4,35 kr/kg

For heimekompostering blir grunngebyret redusert til 1 914 kr per bueining.

Levering av avfall til gjenbruksstasjon skal vere gratis for alle fraksjonar, med unntak av restavfall.

Sats for levering av restavfall til gjenbruksstasjon 4,35 kr/kg.

3.1.1 Ekstratenester:

Teneste	2024	2025
Ekstranøkkel for hyttecontainer	50	60
Inn- og utkøying/bytte av behaldar	500	580
Sekk for restavfall		60

Sekkeprisen inkluderer kostnader for henting og handtering av avfallet. Ekstrasekker kan kjøpast hos ØyVAR i Lonavegen 20 og Midtstegen 50.

Ekstrateneste henting av spann (etter søknad) utover 10 meter frå hentestad/samleplass

Henteavstand		
Henteavstand	2024	2025
11 – 19,99 m	150	150
20 – 29,99 m	300	300
30-50m	450	450

3.1.2 Gebyr for brot på forskrift:

Gebyrtype	2024	2025
Ikkje etterkome pålegg	1 000	1 000
Opprydding ved forsøpling (pr time)	750	950

3.1.3 Gebyr for erstatning av avfallsbeholdar

Dersom abonnenten er ansvarleg for at avfallsbeholdaren blir øydelagd, må vedkomande dekke kostnaden for ny beholdar. Pris for øydelagt eller tapt spann (140 L): kr 450,-

3.1.4 Levering av avfall til gjenbruksstasjon

For 2025 gjeld følgjande satsar for levering av avfall frå hushalda til gjenbruksstasjonen:

Levering av avfall til gjenvinningsstasjon (pr. lass inkl. mva)	2024	2025
Under 1 m ³	70	70
1 m ³ – 2 m ³	110	140
2 m ³ – 3 m ³	210	210
3 m ³ – 4 m ³	280	280
4 m ³ – 6 m ³	420	420
6 m ³ – 8 m ³	560	560
8 m ³ - 10 m ³	700	700
Kvar m ³ over 10 m ³	70	70

Levering av hageavfall er gratis.

Levering av dekk skal inngå i volumberekninga.

Plastsekk merkt med returplast blir delt ut gratis til husstandane for sortering av plastemballasje. Desse sekkane skal ikkje brukast til anna enn plastemballasje. Dersom anna avfall blir levert i returplastsekkane på gjenbruksstasjonen, vil det komme ein kostnad på kr 10 pr. sekk.

For meir informasjon om reglar og retningslinjer for levering av avfall på gjenbruksstasjonen, sjå oyvar.no.

4 FEIE OG TILSYNSAVGIFT

Alle gebyr er eks mva.

Feiing – gebyrsatsar	2024	2025
Vanleg hus og fritidseigedomar	466	466
Industripipe	1 160	1 160
Feiing etter oppdrag	1 560	1 560

5 GEBYR FOR REGULERINGSPLAN, BYGGJE- OG DELESAKSHANDSAMING, OPPMÅLING OG EIGARSEKSJONERING

Heimel

Lokal forskrift om gebyr er vedteke med heimel i:

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl.) av 27. juni 2008 § 2-1 og § 33-1
- Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova, ml.) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16
- Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven) av 16 juni 2017 § 15
- Lov om vern mot forureining av 13. mars 1981 nr 6 - § 52a og Forskrift av 5. desember 2003 nr 1909 om delegering av myndigheit til kommunane etter forureiningslova. Forureiningsforskrifta av 01.06.2004. Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar av 28.06.2018.
- Lov om behandlingsmåtar i forvaltningssaker (fm.) § 27a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker mv.
- § 4 i forskrifta til offentleglova av 17.10.2008. nr.1119.
- Viltlova av 29.05.1981 nr. 38 § 40 og forskrift om kommunale viltfond § 6
- Saker etter Lov om havner og farvann (hamne- og farvasslova) 21 juni 2019 § 33 og tilhøyrande lokal forskrift er delegert til Bergen Hamn

Iverksetting

Lokal forskrift om gebyr vert vedteke av Øygarden kommunestyre den 15.12.21 og gjeld frå 01.01.2022.

5.1 GENERELLE REGLAR

Formål

Gebyrforskrifta gir heimel for kommunen sin rett til å ta gebyr for lovpålagte oppgåver etter plan- og bygningsloven, matrikkellova og eigarseksjoneringslova. Formålet med gebyrforskrifta er å opplyse innbyggjarane om søknadspliktige tiltak og kva det kostar å søkje.

Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med Lov om renter ved forsinka betaling mm av 17. desember 1976.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr eller søknad om refusjon eller redusert gebyr. Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett

betalingsfrist.

Kva regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Ved bestilling av møter og førehandskonferanse vert gebyret for møte rekna ut frå gjeldande satsar på bestillingstidspunktet.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyre inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret

Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr. Gebyr i saker som krev dispensasjon kjem i tillegg. Gebyr vert fakturert når det er fatta vedtak i saka. Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad. Ved avvist eller trekt sak blir det fakturert gebyr ved avslutta sak slikt det går fram av forskrifta for den aktuelle sakstypen.

Gebyr for førehandskonferanse vert fakturert etter gjennomført møte, eller ved avbestilling seinare enn 2 verkedagar før avtalt tidspunkt eller ved manglande oppmøte.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak, og vert fakturert etter handsaming av byggesøknad for tiltaket.

Gebyr for handsaming etter jordlova, forureiningslova og lov om hamner og farvatn kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ca. 10 % av gebyret, jf. pbl § 33-1.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Saker der kommunen ikkje held lovpålagte tidsfristar for sakshandsaming

Der kommunen ikkje heldt dei lovpålagte tidsfristane for handsaming av byggesaker, delesaker/oppmålingssaker, private planforslag og søknadar om seksjonering, vil gebyret blir redusert etter reglane i byggesaksforskrifta § 7-6, forskrift om behandling av private forslag til detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 8, matrikkelforskrifta § 18, og eigarseksjonslova § 14.

Reduksjon eller bortfall gjeld ikkje dersom det er avtalt lengre frist i den einskilde sak.

Redusert gebyr

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyr skal skje ved enkeltvedtak.

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Klage

Gebyr for byggesak, tilsyn og miljøforvaltning og plan, geodata og oppmåling er fastsett ved forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagefrist er 3 veker. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Statsforvaltaren er klageinstans.

Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

5.2 TENESTER MED GEBYR ETTER MEDGÅTT TID

Timepris

For gebyr som ikkje vert fastsett på annan måte, eller som skal reknast ut etter medgått tid – jf. regulativet, skal følgjande timesatsar nyttast:

Gebyr	2024	2025
Timesats for kontorarbeid inklusiv administrativ støtte	1 200	1 300
Timesats for markarbeid inklusiv transport, utstyr og materiell	1 300	1 400

Refusjonsberegning

Plan-og bygningsloven Kap. 18

Gebyr	2024	2025
Timesats for kontorarbeid inklusiv administrativ støtte	1 200	1 300
Timesats for markarbeid inklusiv transport, utstyr og materiell	1 300	1 400
Kommunen kan krevje at inntil kr. 50 000 vert betalt på forskot, og resten etter kvart som arbeidet er utført og dokumentert		Inntil 50 000 på forskot

5.3 PLANSAK

Gebyrplikt og unntaksføresegner

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeid fram til fyrste gongs handsaming.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal til offentlig samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal til bygging eller anlegg regulert til grav- og urnelund, offentlig grønstruktur, vern av kulturmiljø eller kulturminne, særlege landskapsomsyn, naturvern eller friluftsområde.

Oppstart av planarbeid

Både kommunen og tiltakshavar kan krevje oppstartsmøte. Det skal betalast gebyr for oppstartsmøte og underveismøte.

Gebyr	2024	2025
Rettleiingsmøte - før planinitiativ vert sendt inn. Gebyr pr. møte	5 500	5 900
Oppstartsmøte. Gebyr pr. møte	22 900	24 700
For planinitiativ som vert avvist i oppstartsmøtet der forslagstillar krev framlegget forelagt for Utval for plan til endelig avgjersle, jf pbl. § 12-8. Gebyr pr. sak.	9 100	9 800
Varsel om oppstart - gjennomgang av varslingsmateriale og klargjering av annonse. Gebyr pr. plan	5 500	5 900

Arbeid med planforslag

Gebyr	2024	2025
Underveismøte (merknadsgjennomgang, utfordringar i planen). Gebyr pr. møte	7 300	7 900
Innleveringsmøte - gjennomgang av planframlegg. Gebyr pr. møte	247 000	266 800
Reguleringsplan, detaljregulering inkl. full planendringar, pbl §§ 12-3, 12-10 og 12-11. Gebyr pr. plan	73 100	78 900
Føresett gjennomført og betalt innleveringsmøte		
Reguleringsplan, detaljregulering inkl. full planendringar, pbl §§ 12-3, 12-10 og 12-11. Gebyr pr. plan	345 900	373 600
Behandling av planprogram. Gebyr pr. plan	14 700	15 900
Behandling av konsekvensutgreiing. Gebyr pr. plan	18 300	19 800
Konsekvensutgreiingar, jf. pbl. Kap 14, gjeld i dei høve kommunen er ansvarleg mynde etter vedlegg I og II-tiltak i forskrift om konsekvensutgreiingar. Gebyr etter medgått tid, jf. 5.2. Tenester med gebyr etter medgått tid.		

For planar som krev planprogram og konsekvensutgreiing skal det betalast eit tilleggsgebyr pr søknad. Gebyret gjeld ikkje for statlege reguleringsmyndigheiter som Statens vegvesen, Jernbaneverket ol.

Endring av plan

Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Er endringane så betydelege at søknaden vert å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr. Ved endring av plan skal det betalast følgjande gebyr.

Gebyr	2024	2025
Endringar i reguleringsplan som vert handsama som ny plan i samsvar med § 12-14, første ledd. Gebyr pr. plan	Følgjer ordinær gebyr som privat planforslag	
Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-14, andre ledd (delegert vedtak). Gebyr pr. plan	22 900	24 700
Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-14, andre ledd (politiks vedtak). Gebyr pr. plan	32 000	34 600

5.4 BYGGJE- OG DELEFORBOD (PBL. KAP. 13)

Gebyr	2024	2025
Søknad om fritak frå vedtak om bygge- og deleforbod	16 500	17 800

5.5 BYGGJESAK

Søknad utan ansvarsrett

Tiltak som krev søknad etter plan- og bygningslova § 20-4, men er unnateke krav om ansvarsrett og kan utførast av tiltakshavar. Herunder:

- Mindre byggjearbeid på bebygd eigedom
- Mellombelse bygg
- Transportable bygg
- Driftsbygningar i landbruket med BRA opptil 1000m2
- Garasjar, leikestover over 15 m2, osb.
- Mindre skilt og reklameinnretningar
- Støttemur under 1,5 m høgde.
- Flytebyggje opptil 15 m2
- Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ein brukseining

Gebyr	2 024	2 025
Søknad utan ansvarsrett	5 500	5 900

Nybygg som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-3

For søknader om nybygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt. I dei høve eitt og same bygg fell inn under fleire punkt, skal gebyr for respektive del reknast etter respektive punkt.

5.5.1.1 Bustadbygg og fritidsbustader

Herunder nye bustadbygg og fritidsbustadar og bruksendring av hele boenheter.

	2024		2025	
Gebyr	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
For første bustadeining	22 600	17 000	24 400	18 300
Tillegg per bustadeining	11 000	8 300	11 900	8 900

5.5.1.2 Næringsverksemd, tenesteyting mv.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barne- hage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande.

Gebyr	2024		2025	
	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
Per påbegynt 100 m2 BRA	11 000	8 300	11 900	8 900
Maksimumsbeløp	410 500		443 300	

5.5.1.3 Lagerhus, uthus, naust mv.

Herunder lager, garasje, carport og parkeringshus, uthus, naust og liknande.

	2024		2025	
Gebyr	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
Per påbegynt 100 m2 BRA	11 000	8 300	11 900	8 900
Maksimumsbeløp	410 500		443 300	

Tiltak på eksisterande bygningar, som er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20-3

For søknader som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

5.5.1.4 Bustadbygg og fritidsbustader

	2024	2024	2025	2025
Gebyr	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
Til- og påbygg, herunder: - til- og påbygg per påbegynt 30 m2 BRA - bruksendring med bygningsmessig arbeid	7 700	5 800	8 300	6 200
Endringsarbeid på bygg, per bustadeining, herunder: - innreiing av rom til opphald i kjellar og/eller på loft - innvendig ombygging – per bustadeining - vesentleg fasadeendring - terrassar - bruksendring utan bygningsmessige arbeid	5 500	4 100	5 900	4 400

5.5.1.5 Næringsverksemd, tenesteyting mv.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barnehage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande.

Gebyr	2024		2025	
	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
Til- og påbygg, herunder: -til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m2 BRA -etablering av ein ny etasje i eksisterande bygning. Per påbegynt 100 m2 BRA -bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje	7 700	5 800	8 300	6 200
Endringsarbeid på bygg, herunder: -innvendig ombygging. Per etasje -innreiing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjons- rom mv. I kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m2 BRA -vesentleg fasadeendring -bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje	7 700	5 800	8 300	6 200
Maksimumsbeløp	410 500		443 300	

5.5.1.6 Lagerhus, uthus, naust m.v.

Lager, garasje og parkeringshus, uthus, naust og liknande

Gebyr	2024		2025	
	Full sats	Redusert sats	Full sats	Redusert sats
Til- og påbygg, herunder -til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m2 BRA -etablering av ein ny etasje i eksisterande bygning. Per påbegynt 100 m2 BRA -bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje	7 800	5 900	8 300	6 200
Endringsarbeid på bygg, herunder -innvendig ombygging. Per etasje -innreiing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjonsrom mv. I kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m2 BRA -vesentleg fasadeendring -bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje.	7 700	5 900	8 300	6 200
Maksimumsbeløp	410 500		443 300	

5.5.1.7 Tekniske installasjonar

Oppføring, endring og reparasjon av tekniske installasjonar som er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 pkt. f, jf. § 31. Herunder:

- Sanitære anlegg (bad/wc, dusj, vaskerom, badstove)
- Kulde- og varmepumpeanlegg
- Heisar og liknande
- Brannalarmanlegg
- Sprinkleranlegg
- Oljeutskiljarar
- Varmeanlegg, herunder: sentralvarme, solcellepanel
- Skorstein/pipe

Gebyr	2024	2025
Tekniske installasjonar	5 500	5 900

Andre tiltak

Jf. Plan- og bygningslova § 20-1 pkt. e, h, i, j, k og l.

Gebyr	2024	2025
Parkeringsplassar > 100 m2, vegar > 100 lm, store leidningsanlegg (som evt. Kan overtakast av kommunen), store kaier > 100 m2, molo, gang- og køyrebruer, tunnelar og kulvertar, hallar og anlegg i fjell jordtipp, vesentleg terrenginngrep.	17 000	18 400
Parkeringsplassar < 100m2, vegar < 100 lm, mindre leidnings- anlegg, mindre kaier, grave- og fyllingsarbeid, enkle lausmasse- og fjellarbeid i dagen, avkøyring, større konstruksjonar slik som støyskjerm, lysmast, TV-mast, radiomast, tribunar, ballbingar, større støttemur over 1,5 meter høgde, flytebrygge over 15 m2 og liknande,	6 700	7 200
Bustadbrakke på arbeidsplass, gjerde mot veg, mindre støttemur opp til 1,5 m høgde og liknande (I dei tilfelle dette er søknads- pliktig.)	2 400	2 600
Skilt-/reklameinnretningar.	4 300	4 600
Riving av bygningar, konstruksjonar og anlegg som er søknadspliktige tiltak	5 500	5 900
Vesentlege terrenginngrep i landbruket, som og krev løyve til nydyrking eller bakkeplanering	5 500	5 900

5.5.1.8 Dispensasjonar

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar, utbyggings- planar, kommuneplanen sin arealdel og PBL § 1-8 («100 m-beltet»)

Gebyr	2024	2025
Gebyr for dispensasjonssøknader (1 eller 2 dispensasjonar i saka)	20 600	22 200
Tillegg for dispensasjonssøknader nr 3 og fleire: Pr stk.	4 700	5 100
Søknad om fritak frå byggtেকnisk forskrift (TEK)	9 500	10 300

5.5.1.9 Søknad om endring og reviderte teikningar

For tilfelle der det vert sendt inn reviderte teikningar etter at søknaden er godkjent.

Endring	Betalast etter	2024	2025
Reviderte teikningar som ikkje krev nytt vedtak	Pr søknad	2 700	2900
